



Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 04.12.2025
Tid: Kl. 18.30 - 21.00
Ord for dagen: Olav J. Oma

Forfall må meldast til kyrkjeverja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Varamedlemer får kopi av innkallinga og vert kalla inn ved behov.

På møtet vert det servert risengrynsgraut og andre godsaker.

Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	Leiar
Anne Marie Røed	Nestleiar
Tom Rydland	Medlem
Anne Kristin Skår	Medlem
Håkon Rydland Sæbø	Medlem
Mette Elisabeth Lambach	Medlem
Lilli Anne Drønen Jæger	Medlem
Kari Raunholm	Medlem
Olav J. Oma	Sokneprest
Gisle Levåg	Kommunal representant
Kopi til varamedlemene Wenche A. Helland Karin Korsvik Nils Andreas Brekke Aase Nøttveit	

Fitjar, 27. november 2025

Svein Lunde
soknerådsleiar

Harald Rydland
kyrkjeverje

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2025/82	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2025/83	012.1	Godkjenning av referat frå møte den 5. november	X
2025/84		Oppnemning av ny revisor	X
2025/85		Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden	
2025/86		Uttale om tilsetjing av ny sokneprest (lukka personalsak)	
2025/87		Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden (utsett sak frå 18.9.25)	
2025/88		Søknad frå Sunnhordland prostiråd om tilskot eller offer	
2025/89		Kyrkjelydsfest vinter/vår 2026 (drøftingssak)	
2025/90		Meldingar	
2025/91		Open post	

Vedlegg

1. Dokument frå revisor
2. Referat frå soknerådmøte den 5. november
3. Søknad frå Sunnhordland prostiråd om tilskot eller offer
4. Notat frå prostidagen i Nysæter kyrkje
5. Utkast til prosjektskildring – «Ung kyrkje i Sunnhordland»
6. Protokoll frå lønsforhandlingar for kyrkjuverja

Sak 2025/82 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

Sak 2025/83 012.1 Referat frå møte den 5. november

Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møte den 5.11.2025.

Sak 2025/84 Oppnemning av ny revisor

Revisjonsselskapet KPMG AS, som gjennom mange år har vore revisor for Fitjar sokn, held på med ei omstrukturering av selskapet. Dei skriv slik om kva Fitjar sokn må føreta seg dersom me ynskjer å vidareføra samarbeidet med vedkommande som er revisor i dag:

KPMG AS, som er revisor for Fitjar Sokn, har skilt ut 10 av sine lokalkontor, inkludert KPMG Stord. De 10 utskilte kontorene blir ved årsslutt en del av Cedra Norge. I forbindelse med denne endringen må Fitjar Sokn gjøre et aktivt valg tilknyttet valg av revisor. I en mellomperiode vil det nye selskapet som skilles ut kalles KPMG Carve-Out AS. Møte i Fitjar sokn avholdes derfor i forbindelse med revisorvalg.

Som kyrkjeverje har eg ikkje mykje å utsetja på samarbeidet me har hatt om revisjonen dei siste åra. Det einaste måtte vera at revsjonsmeldingane har komme i seinaste laget i forhold til fristen me har å halda oss til. Dette vil eg enno ein gong ta opp med revisoren under arbeidet med årsoppgjeret. Trass i dette vil eg rå til at me oppnemner Cedra Norge som revisor for Fitjar sokn frå no og inntil vidare. Dersom soknerådet seinar ynskjer å gjera avtale med annan revisor, treng me noko meir tid, og må det leggjast opp ein eigen prosess for gjennomføring.

Framlegg til vedtak:

KPMG Carve-out AS (org.nr. 835 496 252) vert oppnemnt som revisor for Fitjar sokn.

Sak 2025/85 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden

På møtet vil soknepresten gje ei kort orientering om aktivitetane i kyrkjelyden den siste tida, samt litt om det som skal gjennomførast i tida som kjem.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2025/86 Uttale om tilsetjing av ny sokneprest i Fitjar

Etter at bispedømet lyste ut ledig stilling om sokneprest i Fitjar har det komme ein søkjar. Det er Eli Johanne Rønnekleiv som for tida er sokneprest i Fridalen menighet i Bergen. Søknadefristen var 23. november, intervju er planlagt den 1. desember og tilsetjingsmøte er 15. desember. Soknerådsleiar Svein Lunde skal vera med på både intervjuet og tilsetjingsmøte.

Fitjar sokneråd har rett til å komma med uttale til tilsetjingsutvalet. Sidan dette er ei lukka personalsak vert all dokumentasjon som er relevant i saka lagt fram i møtet. Då vil dei som møter på soknerådet få innsyn i søknad og informasjon om kva som kom fram i intervjuet.

Framlegg til vedtak:

Sidan dette er ei sak som kyrkjeverja ikkje har noko formell rolle i, vert det ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 2025/87 Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden (utsett sak frå 18.9.25)

Før sommaren hadde soknerådet oppe ei sak om ei foreining som var under skiping. Føremålet for foreininga var å etablere ein ungdomsfestival med utgangspunkt i arbeidet som The Send/ Good News driv. Ulike kyrkjelydar og forsamlingar i Sunnhordland vart inviterte til å vera med på arbeidet. Soknerådet ville ha meir informasjon om tiltaket før det vart teke avgjerd om deltaking.

I løpet av sommaren hadde Håkon Rydland Sæbø dialog med nokre av dei andre aktørane. Anne Marie Røed, saman med soknerådet sitt AU har og vore engasjert i saka. På møtet vil det bli orientert nærare om det som har komme fram, og soknerådet vert invitert til å drøfta saka.

Etter at saka om ungdomsarbeidet vart lagt fram i september har fleire av dei tilsette og soknerådet sine medlemmer vore med på prostidag der ungdomsarbeidet i kyrkja var tema. Anne Marie Røed vil på møtet fortelja om det som var oppe på samlinga.

Den siste tida har det dukka opp fleire idear og initiativ for å styrka ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Det er fint om soknerådet kan ta dette med i drøftinga. Soknepresten og kyrkjeverja vil gje meir informasjon i møte, men noko av det kan nemnast i stikkord her:

1. Økonomisk støtte til konfirmentar og andre unge som vil vera med på kyrkjelydsweekend til Helgaton
2. Økonomisk støtte til lokale ungdomar som vil reisa på påsketur med biskop Ragnhild til Taize (frist for påmelding er sett til 1. desember og me veit ikkje om ungdom frå Fitjar har meldt seg på)
3. Økonomisk støtte til lokale ungdomar som vil reisa på Bjørgvin Bispedøme sitt ungdomsting «Vegkryss», i Bergen august 2026.
4. Støtte til prosjekt for å styrka kyrkja sitt arbeid for unge vaksne i Bømlo, Fitjar og Stord.

Framlegg til vedtak:

Sokerådet vil støtta følgjande tiltak med midlar frå soknet sitt fond for ungdomsarbeid:

1. _____
2. _____
3. _____
4. _____

Støtte til andre tiltak vert å komma tilbake til.

Sak 2025/88 Søknad frå Sunnhordland prostiråd om tilskot eller offer

Sunnhordland Prostiråd har søkt alle 28 sokna i Sunnhordland om tilskot eller offer for året 2026. I søknaden som ligg ved er det råd å finna meir informasjon om aktivitetane som prostirådet legg til rette for.

Sidan soknerådet alt har sett opp offerliste for 1. halvår 2026 kan det vera ei god løysing om det vert gjeve eit tilskot som vert kostnadsført under avdelinga for anna kyrkjeleg verksemd. Storleiken på tilskotet kan t.d. vera om lag ein kollekt på ei vanleg sundagsgudsteneste.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet gjev Sunnhordland prostiråd eit tilskot på kr. 5.000,-.

Sak 2025/89 Kyrkjelydsfest vinter/vår 2026 (drøftingssak)

Om ikkje lenge vil noverande sokneprest Olav J. Oma slutta i stillinga og det ligg til rette for at ny sokneprest vert tilsett om kort tid. I Fitjar har det vore vanleg at kyrkjelyden markerer det skikkeleg når prestar sluttar og nye prestar vert innsett. Sidan dette på nytt er aktuelt er det greitt om soknerådet tek ei drøfting av kva markering det kan passa seg å ha denne gongen.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Sak 2025/90 Meldingar

I møte vert det lagt fram munnleg informasjon om desse sakene:

- a. Utbetaling av møtegodtgjerdse for 2025 (Harald)
- b. Nyårssmiling i Nysæter kyrkje 4. januar 2026 (Harald)
- c. Weekend på Helgatun april 2026 (Olav)
- d. Kyrkjerådet sin portal for «Mitt varsel» (Harald)
- e. Fastsetjing av løn for kyrkjevevja (Svein)

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til vitande

Sak 2025/91 Open post**Framlegg til vedtak:**

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka